

## **Introduksjonsprogram**

Introduksjonsprogrammet er eit toårig program på heiltid for deg som har fått opphaldsløyve på grunnlag av asylsøknad, og for din familie som kjem på familiesameining. Det skal gjere det lettare for deg å komme i arbeid eller utdanning.

Du har rett på å starte på introduksjonsprogrammet innan tre månadar etter du har vorte busett i kommunen. Programmet varer normalt i 2 år. Du kan slutte før to år viss du vil, men då har du ikkje rett på å få plass på programmet igjen seinare. Viss du flyttar til ein annan kommune kan du heller ikkje rekna med å få tilbod om program i den nye kommunen. I spesielle tilfeller kan programmet forlengast med eit år.

Reglene for introduksjonsprogrammet er veldig like reglene i det norske arbeidslivet. Du må følge normal arbeidstid og skal ha 37,5 timer i veka. Du får løn etter oppmøte. Deltakarar på programmet har fem veker ferie i løpet av eit år. I Sauda og Suldal er denne ferien for tida lagt til sommaren.

Alle på programmet skal lage sin eigen individuelle introduksjonsplan saman med programrådgjevaren. Denne planen skal innehelde mål, kva deltagaren må gjere for å nå desse måla, og ein tidsplan. Nokon har ein plan klar frå første dag, medan andre bruker lengre tid på å finne ut kva dei vil gjere. Det vil òg vere samtalar etter kvart for å legge vidare planar og for å sjå om alt går bra. Det er viktig at du som deltar jobbar aktivt og hardt for å nå dei måla du har. 2 år går fort, og det er mykje å lære!

Viss du ynskjer jobb på kveld/helg medan du går på introduksjonsprogram må du skaffe dette sjølv. Kommunen kan ikkje skaffe jobb. Dette gjeld også når introduksjonsprogrammet er ferdig. Dersom du vil jobbe etter introduksjonsprogrammet er det viktig å søke jobbar lenge før programmet er slutt! Dersom du skal starte utdanning vil programrådgjevar hjelpe med søknadar.

Viss du har barn så skal kommunen skaffe barnehageplass slik at du kan delta på programmet. Men husk å søke!

Alle som har deltatt på introduksjonsprogram vil få deltarbevis når dei har avslutta programmet.